

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer

FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 03.02.2021

FRÅ: Administrerende direktør

SAKSHANDSAMAR: Carina Paulsen Mæland, Ola Jøsendal, Bente Aae

SAKA GJELD: **Orientering om utviklinga i psykisk helsevern for barn og ungdom i Helse Vest**

ARKIVSAK: 2021/130

STYRESAK: 003/21

STYREMØTE: 17.02. 2021

Administrerende direktør si orientering pkt. 10

På bakgrunn av signal frå føretaka og oppslag i media har Helse Vest bede helseføretaka om ei oversikt over utviklinga i behovet for tenester innan BUP (Barne- og ungdomspsykiatri) i 2019 og 2020.

Oversikta gir eit noko varierende bilete for åra 2019 og 2020, særleg fordi 2020 i så stor grad har vore prega av covid-19-pandemien. Alle føretaka rapporterer om auka tal på tilvisingar utover hausten 2020. Tilvisingane gjennom hausten gjeld i aukande grad meir alvorlege tilstandar, som kjensler av håpløyshe, depresjon, spiseforstyrningar, sjølvskading og destruktiv åtferd. Det er òg ei forskyving mot yngre barn.

Med eit par unntak er det inga auke i fristbrot. Ventetidene er noko aukande. Dette varierer frå helseføretak til helseføretak, der nokon har opptil 10 dagar høgare ventetid i januar 2021 jamført med januar 2020. På same tid aukar delen øyeblikkeleg hjelp-innleggingar.

Situasjonen er utfordrande for barn og unge, familieane som opplever at barna blir alvorleg sjuke - og for behandlarane i BUP. Den auken mengda tilvisingar gjeld i stor grad pasientar med alvorleg sjukdom.

Med bruk av heimekontor og digitale konsultasjonar er sosialt fellesskap og kollegial støtte redusert for medarbeidarane. Når konsultasjonar med fysisk oppmøte i stor grad blir erstatta av digitale konsultasjonar, er dette utfordrande på mange måtar, både for behandlarar og for nokre av dei unge pasientane og familieane deira. Auke i etterspurnad og intensitet i behovet

for behandling hos pasientane, og reduserte moglegheiter for støtte, er krevjande over tid. Det er særleg spesialistane som opplever auka press, då det er desse som har ansvar for diagnostikk og behandling av dei mest alvorlig sjuke.

Helse Vest konstaterer at helseføretaka tar situasjonen på alvor og har stor merksemd på dette området. Regionalt arbeider ein med prosjektet 'Barn og unge sine helsetenester', som skal bidra til betre fordeling av ansvar og gjere det enklare for alle som arbeider med barn og unge å finne fram til riktig hjelp. Dette prosjektet starta opp før pandemien.

Ein arbeider systematisk og godt i helseføretaka for å sikre pasienttryggleiken og det er sett i verk tiltak i alle fire føretak. Både føretaka på overordna nivå og dei enkelte divisjonane eller avdelingane innan psykisk helsevern, har styrka BUP med ressursar. Det er opna kveldspoliklinikkar, talet på akuttsenger er auka, saker som er mogleg å avslutte har blitt avslutta, det er opna for yngre barn i akutt-teama, rekrutteringa på feltet er intensivert og det nyttas digitale flater for å gjennomføre behandling der det er mogleg og fagleg forsvarleg. Det er likevel eit stort press på tenestene, og tiltaka som no er satt inn, må vidareførast og bli forsterka for at barn og unge i regionen skal få eit godt tenestetilbod med god tilgjengelegheit og utan lange ventetider. På same tid må føretaka ta vare og halde på medarbeidarane sine, og rekruttere dyktige medarbeidarar. Det har allereie før pandemien vært ei særleg utfordring å utdanne og rekruttere spesialister innan psykisk helsevern. Auka arbeidspress forsterkar denne utfordringa.

Helse Vest har bede føretaka om ei orientering om følgjande:

- Oversikt over volum på tilvisingar gjennom 2020 og fram til i dag
- Om det er særskilt auke innan grupper eller diagnoseområder
- Om det er fristbrot
- Om det er sett inn tiltak, og kva desse tiltaka eventuelt er


Innspela frå føretaka er noko ulikt presentert, men overordna melder alle helseføretaka og Betanien BUP om auka volum på tilvisingar, nokre i poliklinikk og andre til sengeposter. Føretaka ser ei auke i spiseforstyrningar og andre alvorlige lidingar, som alvorleg sjølvskading og destruktiv åtferd. Det er få fristbrot, men ventetidene aukar mykje i fleire av føretaka. Alle helseføretaka har sett inn tiltak, som kveldspoliklinikk, auke i akutt-sengeplasser, og nye tilsettingar. Men framleis er presset stort og ein opplever situasjonen som krevjande.

Helse Stavanger

PBU 2019: Tal tilvisingar 2508, avslått 490 (19,5 %)

PBU 2020: Tal tilvisingar 2417, avslått 394 (16,3 %)

For sengepostane i psykisk helsevern barn og unge har 2020 vore eit år med svingingar i tilvisingsraten, der januar 2021 viser høg aktivitet. Det har gjennom 2020 vore auka samarbeid med OBA (Observasjons- og behandlingsavdelingen) om pasientar med hyppige innleggingar på grunn av sjølvmondsforsøk, rus og eller intox (overdose).



Ein opplever fleire barn og unge med alvorlege lidningar gjennom 2020. Dette gjeld spiseforstyrningar, alvorleg sjølvskading, destruktiv åtferd og fleire ungdommar som kjenner at tilværet er håpløst. Dette kjem ikkje direkte fram i diagnoseprofilen, men fleire behandlarar melder om stort emosjonelt trykk i pasientbehandlinga.

Ein kombinasjon av auka grad av tilvisingar før jul, saman med eit allereie stort arbeidspress har ført til at medarbeidarar i BUP opplever situasjonen som krevjande. Leiinga ved BUP i Helse Stavanger uttrykker bekymring for dette. Når ein ser fleire pasientar med alvorleg og kompleks problematikk, krev dette tett oppfølging, systemarbeid og kortare fristar. Saker må fordelast raskt, på same tid som desse sakene ikkje kan overførast til behandlarar med mindre erfaring. Pandemisituasjonen og det auka talet på tilvisingar har uviss varigheit. Dette gjer det vidare utfordrande å drive utgreiing og behandling i tråd med tida for forløp i pakkeforløpa.

Helse Stavanger har ikkje hatt fristbrot på dette området i 2020, og det er ikkje fristbrot per januar 2021. I Helse Stavanger er gjennomsnittleg ventetid auka på start av saker frå desember 2020, då ein låg under 35 dagar, til 44 dagar i januar 2021. Det er forventa at det framleis vil vere utfordringar knytt til å overhalde kravet til ventetider, og at ventetidene kan auke noko framover.


Helse Stavanger ser at både kapasitet, fagkunne og samarbeid blir utfordra med pandemien og det auka talet på tilvisingar. Det er sett inn fleire tiltak for sikre god behandling og halde så

korte ventetider som mogleg framover. Mellom tiltaka er etableringa av kveldspoliklinikk for nokre behandlingsområder i BUP Madla, BUP Hinna og BUP Sentrum, fokus på avslutning av saker og fleire avklaringsmøter, der rolla BUP har i behandlinga blir drøfta. «Barn og unge si helseteneste» skal sikre at barn og unge får rett tilbod på rett nivå, og sikre godt samarbeid med dei kommunale tenestene.

Ein nyttar i større grad dei tilrådde tidsfristane for forsvarleg helsehjelp i prioriteringsretteleiren. Akuttambulans ungdomsteam begynner å inkludere barn fødte i 2008 og ein sørgjer for ei god fordeling av behandlingsressursane i ulike avdelingar og team.

Helse Bergen

Talet på tilvisingar til poliklinikkane har hatt ei særleg auke frå oktober, gjennomsnitt 20 prosent kvar måned.




Spiseforstyrningar har over tid dominert innleggingar både på Akutt- og Ungdomspost. Pasientane kjem til sjukehuset med meir samansett og alvorleg problematikk, og fleire blir lagt inn direkte på Akuttpost. Aldersgruppa 14-16 år har auka mest i 2020. Sidan september 2020 ser ein også ein auke for barn frå 11 år.

For å handtere denne auken er det etablert ei arbeidsgruppe i Helse Bergen som skal arbeide særskilt med spiseforstyrningar. Tiltaka ein sett i verk skal sikre optimal behandling og samhandling for pasientar med spiseforstyrningar i PBU (Psykisk helsevern for barn og unge). Det tyder at ein også gjer ein gjennomgang av eksisterande forløp for spiseforstyrningar og at behandlingstilbodet på post skal tydeleggjerast og optimaliserast. Arbeidsgruppa vil kartlegge korleis barn og unge blir fanga opp og utgreia (eller ikkje) i fyrstelinja, vurdere kunnskapshol og PBU si rolle i vidare utvikling av samarbeid og ny kunnskap.

Helse Bergen har i tillegg satt ned ein plan for å forberede og handtere kritisk auka pågang av akuttpatientar i PBU våren 2021. Talet på akuttsengeplasser går frå åtte til 13 (fem plassar ved Ungdomsposten blir til akuttplasser) og ein reduserer talet på elektive sengeplassar tilsvarande med fem på Ungdomsposten. Dei resterande elektive sengeplassane (fem på Barneposten og fem på Ungdomsposten) nyttar ein aldersuavhengig og ein gjer inntaket i fellesskap mellom Barneposten og Ungdomsposten.

Betanien

Betanien BUP melder om 20 til 25 prosent auke i talet på tilvisingar, med særleg sterk auke etter oktober 2020. Tilvisingane gjeld i aukande grad pasientar med alvorleg sjukdom som sjølvskading og suicidalitet, auka mengde og behov for hastevurderingar og auka alvorlegheit, i tillegg til mengda tilvisingar i saker som allereie er i BUP.



BUP Betanien klarar stort sett å halde gjennomsnittleg ventetid på 35 dagar. Det vil bli krevjande å halde dette om utviklinga held fram.

Det er bekymring knytt til forsvarlegheit over tid, i tillegg til eit stort press i tenesta og påkjenninga behandlergruppa opplever. Dette gjer grunn til uro, særleg i ein ekstra krevjande periode, med koronasituasjonen og innføringa av nye pasientadministrative verktøy (innføringa av Dips Arena).

Betanien BUP samarbeider med Helse Bergen om kartlegging og tiltak for å møte auken i talet på tilvisingar, og følgjer tiltaka til Helse Bergen.

Helse Fonna

Det er rapportert om auka tal på tilvisingar til poliklinikkar frå september 2020. Utover desember 2020 og januar 2021 har det vore ein auke i talet på pasientar som har venta over 40 dagar. Auken for 2020 var på 12 prosent.

Tabellen under viser talet tilvisingar

	2016	2017	2018	2019	2020
BUPH-HFO	1317	1359	1200	1167	1402
BUPS-HFO	423	457	449	427	509
Totalsum	1740	1816	1649	1594	1911

I Helse Fonna HF har det ikkje vore fristbrot i 2020. Fristbrot som kjem fram i førebelse rapportar er feilregistreringar som er korrigererte i ettertid.

Helse Fonna HF har sett i verk tiltak for å kunne oppretthalde kort ventetid og unngå fristbrot. Ved BUP Haugesund vidarefører ein kveldspoliklinikk frå 2020 og ved BUP Stord er det tilsett psykolog i vikariat. Det blir også arbeida med å rekruttere i ledige stillingar ved BUP Haugesund.

Avhengig av utviklinga kan det vere aktuelt å bruke innleidd barnepsykiater ved BUP Haugesund og samarbeid med DPS rundt pasientar frå 17-år.


Helse Førde

Talet på tilvisingar for 2020 er 842 mot 835 i 2019. Det er likevel stor variasjon gjennom året, med få tilvisingar i mars-mai og stor vekst på slutten av året. Tala for september til desember viser 12 prosent auke i tilvisingar, samanlikna med året før.

Tala for november til desember viser ein auke på 21 prosent.

HISTORISK UTVIKLING OG TREND I ANTALL NYE PRIMÆRHENVISNINGER (PH)





I Helse Førde har psykisk helsevern for barn og unge hatt omtrent like mange konsultasjonar i 2020 som i 2019. Under pandemien snudde ein seg svært raskt rundt i mars-april for å tilby konsultasjonar på video og telefon for å ta hand om pasientane sine behov. I denne perioden var det likevel vanskeleg å gjere komplekse utgreiingar.

Det har vore ein auke i øyeblikkeleg hjelp-innleggingar ved ungdomsposten og pasientane er yngre enn tidlegare. Fleire av seksjonane rapporterer òg ein auke i talet på pasientar med spiseforstyringar. Generelt ser ein at fleire har hatt det tøft og det er auke i meir akutte kriser og alvorlege fall i funksjon.

Helse Førde har hatt tre fristbrot på dette området i 2020. Dette skuldast delvis stengt poliklinikk og strenge tiltak i skule og barnehage, som gjorde komplekse utgreiingar vanskelege. Det har vore noko høgare ventetider heile 2020, men med bra nedgang i september. Så ser ein ei stigning utover hausten, med topp i januar 2021.

Helse Førde har sett inn tiltak for å sikre eit godt behandlingstilbod. Det er leigd inn psykologspesialist ved Nordfjord BUP og ein har prøvd å få på plass innleidd spesialist ved Førde BUP. Føretaket vurderer også kveldspoliklinikk, men dette er førebels ikkje sett i verk. Pasientane som har størst funksjonsfall har prioritet. Møter med samarbeidspartnarar skjer på video for å unngå reisetid og hindra smittespreiing.